

**AVGJERD I EØS-KOMITEEN
nr. 151/2017**

2019/EØS/52/02

av 22. september 2017

om endring av vedlegg I til EØS-avtala (Veterinære og plantesanitære tilhøve)

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla EØS-avtala, særleg artikkel 98,

og på følgjande bakgrunn:

- 1) Kommisjonens gjennomføringsavgjerd (EU) 2017/800 av 8. mai 2017 om endring av vedtak 2009/821/EF med omsyn til listene over grensekontrollstasjonar og veterinæreiningar i TRACES⁽¹⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 2) Denne avgjerda gjeld føresegnar om veterinære tilhøve. Føresegnar om veterinære tilhøve skal ikkje gjelde for Liechtenstein så lenge avtala mellom Det europeiske fellesskapet og Det sveitsiske eidssambandet om handel med landbruksprodukt er utvida til å omfatte Liechtenstein, som nemnd i tilpassing etter sektor i vedlegg I til EØS-avtala. Denne avgjerda skal difor ikkje gjelde for Liechtenstein.
- 3) Vedlegg I til EØS-avtala bør difor endrast –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

I EØS-avtala vedlegg I kapittel I del 1.2 nr. 39 (kommisjonsvedtak 2009/821/EF), skal nytt strekpunkt lyde:

”– **32017 D 0800:** Kommisjonens gjennomføringsavgjerd (EU) 2017/800 av 8. mai 2017 (EUT L 120 av 11.5.2017, s. 22).”

Artikkel 2

Teksta til gjennomføringsavgjerd (EU) 2017/800 på islandsk og norsk, som vil verte kunngjort i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*, skal verte gyldig.

Artikkel 3

Denne avgjerda tek til å gjelde 23. september 2017, på det vilkåret at alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i EØS-avtala er sende inn^(*).

⁽¹⁾ TEU L 120 av 11.5.2017, s. 22.

^(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjjevne.

Artikkel 4

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utfërda i Brussel 22. september 2017.

For EØS-komiteen

Sabine Monauni

Formann